

# **Butikknaskeri gjort av ungdomar busett i Nordhordland**

## **Dagens ordning:**

Butikknaskeri som skjer i Knarvik Senter vert i dag ikkje meldt til politiet. Ungdomane får i staden for eit tilbod om samtalar i regi av "Salto". Politiet veit ikkje kven disse ungdomane er.

Butikknaskeri som skjer andre stadar vert meldt til politiet. Politiet gjev disse ungdomane ein påtaleunntatelse eller eit bot for forholdet, samt ein bekymringsamtale med ungdomen og verjene. Ungdomane vert ikkje følgt opp med andre førebyggjande tiltak, verken frå politiet eller kommune.

Straffbare handlingar som ungdomar under 18 år gjer utanfor Nordhordland, vert og etterforska av Nordhordland lensmannsdistrikt.

## **Politiet ønskjer:**

At alle butikknaskeri gjort av ungdomar i alderen 15 – 20 år vert meldt til politiet. Politiet kan da utferda ein påtaleunntatelse med vilkår. Vilkåret er at ungdomen saman med verjer skal møte til samtalar i kommunal regi, som eit førebyggjande tiltak for ungdomen.

Politiet ønskjer primært at disse samtalanene vært samordna "interkommunalt", slik at ein med trygging veit at alle ungdomane får ei eins handsaming, og ikkje minst at det er god kvalitet på samtalanene.

Politiet meiner soleis at "Salto" som over tid har opparbeida seg svært god kompetanse på slike samtalar, får i oppdrag av den einskilde kommune å stå for alle disse samtalanene. Politiet kan ikkje utferda påtaleunntatelse med vilkår, dersom ein ikkje er 100 % sikker på at kvar kommune har eit apparat som kan foreta slike førebyggjande samtalar på ein tilfredstillande måte.

Ein vil gjera merksam på at kommunane ved barnevernet vil verta gjort kjend med det straffbare forholdet. Vert det utferda påtaleunntatelse med vilkår, vil barnevernet få beskjed om at vilkåra er følgt opp eller ikkje. Der barnevernet allereie har ein eller anna kontakt med denne ungdomen / heimen, må sjølvstøtt andre tiltak vurderast.

## **Politiet si bestilling til kommunane i Nordhordland:**

- 1. Politiet ber om at den einskilde kommune handsamar dette, og kjem med tilbakemelding om kommunen ønskjer å vera med på eit slikt førebyggjande tiltak.**
- 2. Dersom den einskilde kommune ønskjer å vera med på eit slikt førebyggjande tiltak, ønskjer politiet at kommunen kjem med tilbakemelding om korleis dei vil foreta slike førebyggjande samtalar og kven som skal ta disse samtalanene med ungdomane.**